




Harlequin

Sokker

Diagram:



Størrelse:

Dame / Herre

Garneksempel:

HS BFL Silky Sport (300 m/100 g)

Garnmengde:

Ca. 20 g i mønstarfargane og 75 g botnfarge i str. 38

Pinneforslag:

Ca. 2,5 – 3,5 mm (Prøv på foten!)

Strikkefastheit:

30 m pr 10 cm / 26 m pr 10 cm

Desse lestane er strikka frå tåa og opp med ein saumlaus hæl. Gå gjerne opp ½ pinnestr når du strikker mønster. Prøv på undervegs så du er sikker på at det ikkje vert for stramt.

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangside

Tå:

Legg opp 10 m på kvar pinne med Judy`s magic cast on, totalt 20 m.

Strikk ein omgang rett.

No skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har 32 m på kvar pinne. Totalt 64 m. Avslutt med omg. 2.

Fot:

Når tåa er ferdig startar du å strikke mønster etter diagrammet. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Tabellen viser heil lengde av foten. Hælen måler ca. 8 cm / 9 cm

Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk Mønster etter diagram til det står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 52 masker på pinne 1. Fyll på med mønster i helkilane etterkvart som du får fleire maskar.

	EUR	CM
	52	34.0
	51	33.4
	50	32.7
	49	32.1
	48	31.4
	47	30.8
	46	30.1
	45	29.5
	44	28.8
	43	28.1
	42	27.5
	41	26.8
	40	26.2
	39	25.5
	38	24.8
	37	24.2
	36	23.5
	35	22.9

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen er glattstrikk i botnfargen.

Du skal felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen:

- Omg. 1 RS: Strikk 31 r, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, strikk 11 vr, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk rett til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk vrang til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du igjen har 32 masker på pinne 1. Snu og strikk rett tilbake.



Skaft:

Når du skal byrje å strikke rundt igjen kan du plukke opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2 og strikke den vridd saman med nabomasken. Dette for å unngå hol i sidene. Fortsett med å strikke etter diagrammet heile vegen rundt så langt du ønsker. Avslutt med vrangbord.

Vrangbord:

Skift til eit halvt pinnenr tynnare pinnar og strikk vrangbord 1 vridd rett, 1 vrang i 3 cm. Fell av med italiensk avfelling.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #harlequinsokker om du vil. Lykke til!

Elisabeth

